§4 Tidspunkt for fakturering og betalingstidspunkt.

Når vedtak i samband med søknad om rammeløyve vert gjeve, skal det fakturerast for 75 % av fullt gebyr. Dei resterande 25 % vert fakturert etter at igangsettingsløyve er gjeve. I tillegg kjem 10 % av fullt gebyr per igangsettingsløyve utover det første.

§5 Kombinerte bygningar

Har bygningen fleire funksjonar, vert gebyret rekna etter høgaste gebyrklasse.

§6 Tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklassar

Ved tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklassar bereknast gebyret etter høgaste tiltaksklasse.

§7 Mellombelse bygningar

Ved mellombelse bygningar betalast fullt gebyr.

§ 8 Dispensasjon

For kvart tilhøve som krev dispensasjon skal det svarast eit gebyr på kr. 6.240. Gebyret kjem i tillegg til gebyr for søknad om tiltak.

§ 9 Anna arbeid

For anna arbeid der det ikkje er faste gebyr og for arbeid som skal godkjennast etter medgått tid, skal det brukast en timesats på kr 720.

§10 Ekstraarbeid ved pålegg om retting

Ved pålegg om retting i etter plan- og bygningslova §32-3, vert sakshandsaming fakturert etter medgått tid. Gebyr vert fakturert adressat for pålegget.

§ 11 Utvida kontroll/sakkunnig bistand

Kommunen kan engasjere særskilt organ til kontroll av prosjektering, utføring, statiske berekningar, ventilasjonsanlegg, branndokumentasjon, tilfluktsrom m.m. Slik kontroll må tiltakshavar betale direkte til utførande etter medgatte utgifter. Desse utgiftene kjem i tillegg til satsane for i dette regulativet.

§ 12 Heis/ Rulletrapp

Sakshandsamingsgebyr på kr. 1.640.

I tillegg skal tiltakshavar dekke kommunen sine utgifter ved fagkunnig bistand ved søknad om anleggsløyve eller kontroll av anlegg som er i drift, jf. pbl § 29-9 c).

§ 13 Arbeid som er ulovleg sett i gang

Utgår – vert erstatta med overtredelsesgebyr etter pbl § 32-8.

§ 14 Avslag

Ved vedtak som medfører avslag på søknad, blir tiltakshavar belasta med 50 % av fullt gebyr.

§15 Ufullstendig søknad

Ved retur av ufullstendig søknad skal søkar fakturerast for 25 % av normal sats for omsøkt tiltak.

§ 16 Urimeleg gebyr

Dersom storleiken på gebyret vert klart urimeleg i høve til det arbeid og dei kostnader kommunen har hatt med saka, eller gebyret er urimeleg av andre grunnar, kan kommunen fastsette passande gebyr. Regulativet kan berre fråvikast ved spesielle høve.

§ 17 Rabatt ved bygging i rekke/tun

Ved bygging av bustader i rekke/tun innafor same eigedom skal gebyret utreknast slik:

100 % gebyr for dei første 5 bueiningane

75 % gebyr for dei neste 5 bueiningane

50 % gebyr for dei resterande bueiningane

§ 18 Klageadgang

Storleik på gebyra (gebyrregulativet) blir fastsett av kommunestyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast, jf. kap. VII i Forvaltningslova.

Kommunen si avgjerd i søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven.

§ 19 Meirverdiavgift

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift i tillegg til gebyr for teneste etter gebyrregulativet, med unntak av gebyr etter brukt tid.

§ 20 Indeksregulering

Gebyrsatsane for handsaming av byggesaker m.m. skal indeksregulerast ved kvart årsskifte i takt med Statisk Sentralbyrå sin kostnadsindeks (tabell A-einebustad i tre). Basis er år 2000, indeks 100. Alle satsar skal avrundast til nærmaste kr 10.

TILTAK SOM HANDSAMAST ETTER SØKNAD

TILTAK SOM HANDSAMAST ETTER SØKNAD			
	Tiltaksklasse		
01. BUSTADER	Kl. 1	Kl. 2	Kl. 3
Basisgebyr:			
a) Rein einebustad og einebustad med hybel/sokkelhusvære	17 120		
b) Tomannsbustad, vertikaldelt eller horisontaldelt	25 660	42 630	
c) Rekkehus og kjedehus per eining	17 120	28 500	
d) Bygning på 2 etasjar med 4 eller fleire bueiningar, per eining	17 120	28 500	
e) Andre bustadhus	17 120	28 500	
f) Tilbygg, påbygg, ombygging pkt. a - e			
<50m2 bruttoareal	1 780	3 510	
>50m2	3 510	6 970	
g) Blokk/høgghus/punkthus/lamellhus/terrassehus		73 290	110 070
h) Anna hustype	36 680	73 290	110 070
i) Tilbygg og påbygg, punkt g-h			
< 50m2	3 720	7 320	
> 50m2	9 210	12 230	
j) ombygging < 50% av totalt areal	26 920	43 980	
k) ombygging > 50% av totalt areal (hovudombygging)	43 980	73 290	
02. ANDRE TILTAK PÅ BUSTAD-/NÆRINGSEIGEDOM M.M.			
a) Fasadeendring/vindauge	1 110	2 220	
b) Støttemur/innhegning/gjerde/støyskjerm	1 110	2 220	4 290
c) Bryggjer/flytebryggjer	1 110	2 220	4 290
d) Graving/sprenging/fylling, pbl §20-1 - molo, masseuttak m.m.	1 110	2 220	4 290
e) Skilt/reklame	1 110	2 220	
f) Skiltplan	2 220	4 290	
g) pbl 20-1 Basseng/brønn/dam	2 220	4 290	9 210
h) Tekniske installasjonar – pbl § 20-1	2 220	4 290	9 210
i) Rehabilitering av skorstein	1 110		
03. ANDRE NYBYGG			
Basisgebyr:			
a) Garasje inntil 70 m2 bruttoareal eller samla bruksareal	2 200		
b) Garasje > 70m2 bruttoareal eller samla bruksareal	4 290	9 210	12 850
c) Uthus	2 200		
d) Andre	2 200		
e) Fritidsbustad/campinghytte	4 290		
f) Til- og påbygg, a-e	1 110		
g) Konstruksjonar, kai m.m.	6 130	1 2230	18 340

04. PRODUKSJONSBYGG FOR VERKSTAD OG INDUSTRI	Kl. 1	Kl. 2	Kl. 3
Basisgebyr:			
a) Etasjebygg for fabrikk eller verkstad, evt. kombinert med kontor	29 350	43 980	58 670
b) Produksjonshall evt. kombinert med kontor	29 350	43 980	58 670
c) Andre produksjonsbygg	29 350	43 980	58 670
d) Til- og påbygg/ombygging, a-c, minimumsgebyr <100m2	4 290	9 210	12 850
<1000m2	12 850	17 120	21 430
>1000m2	21 430	25 660	29 350
05. KONTOR-, FORRETNINGS- ELLER ANDRE NÆRINGSBYGG			
Basisgebyr:			
a) Kontorbygg og administrasjonsbygg	36 690	58 670	84 310
b) Varehus og andre butikkbygg	36 690	58 670	84 310
c) Ekspedisjonsbygg og terminalar	36 690	58 670	84 310
d) Lagerbygg og garasjebygg <100m2	6 130	12 230	18 340
e) Lagerbygg og garasjebygg >100m2	12 230	18 340	22 030
f) Bensinstasjon	18 340	22 030	26 920
g) Anna bygg for kontor, forretning eller samferdsle	22 030	26 920	31 160
h) Tilbygg og påbygg, a-g, minimumsgebyr <100m2	6 130	12 230	18 340
<1000 m2	12 230	18 340	22 030
>1000m2	22 030	26 920	31 160
i) ombygging < 50% av totalt areal	12 230	18 340	22 030
j) ombygging >50% av totalt areal (hovudombygging)	22 030	26 920	31 160
k) For nybygg over 2.000 m2 vert gebyret fastsett pr. m2 bruksareal	1 830	2 970	4 210
06. HOTELL OG RESTAURANTBYGG			
Basisgebyr:			
a) Hotell	36 690	73 290	110
b) Andre bygg	31 160	58 670	88 600
c) Til- og påbygg, a-b, minimumsgebyr <100m2	6 130	12 240	18 340
<1000m2	22 030	26 920	31 160
>1000m2	29 350	43 980	58 670
d) Ombygging <50% av bygning	22 030	26 920	31 160
e) Ombygging >50% av bygning (hovudombygging)	31 160	58 670	88 600
07. BYGG FOR OFFENTLEG OG PRIVATE TENESTER	Kl. 1	Kl. 2	Kl. 3
Basisgebyr:			
a) Bygg for undervisning/forsking		58 670	76 990
b) Sjukehus/aldersheim/sjukeheim		58 670	
c) Barnehagar	29 350	58 670	
d) Omsorgsbustader	29 350	58 670	76 990
e) Kyrkje/gravkapell og liknande	29 350	58 670	76 990
f) Samfunnshus/forsamlingshus	29 350	58 670	76 990
g) Teater/kinobygg		58 670	76 990
h) Idrettsbygg		43 980	67 270
i) Garderobebygg <500m2 (nybygg/tilbygg)	23 230	43 980	67 270
j) Andre bygg		43 980	67 270

k) Til- og påbygg, a-j, minimumsgebyr <100m2	6 080	12 240	18 340
<1000m2	22 030	29 350	58 670
>1000m2	29 350	58 670	88 600
l) ombygging < 50% av totalt areal		16 900	21 430
m) ombygging > 50% av totalt areal (hovudombygging)		29 350	58 670
08. BYGG FOR JORDBRUK, FISKE OG FANGST			
Basisgebyr:			
a) Driftsbygningar	11 630	17 120	
b) Andre bygg (landbruksgarasje og liknande)	4 290	8 540	
c) Til- og påbygg, a-b, minimumsgebyr <50 m2	2 200	4 290	
>50 m2 <100 m2	4 290	8 540	
>100 m2	8 540	11 630	
d) ombygging <50% av totalt areal	4 290	8 540	
e) ombygging >50% av totalt areal	8 540	11 630	
09. REVIDERTE TEIKNINGAR/TILLEGGSSØKNADER			
(mindre endringar)			
Basisgebyr:	2 200		
Det skal bereknast gebyr tilsvarande 20% av normalgebyr for den enkelte bygningstypen og tiltaksklasse, men ikkje mindre enn basisgebyr.			
10. FORNYING AV BYGGJELØYVE			
Fornyng av byggjeløyve skal reknast som ny sak			
11. RIVING - Gebyr pr. bygning			
Basisgebyr	2 200	4 290	8 540
	Kl. 1	Kl. 2	Kl. 3
12. FORETAKSGODKJENNING: LOKAL GODKJENNING			
Lokal godkjenning	2 940		
Sjølvbyggjar - berre eigen bustad/garasje/uthus m.m. på eigen eigedom	5 830		
Sentral godkjenning dekker del av tiltaksprofilen	2 940		
13. FØREHANDSKONFERANSE			
2. gongs og seinare førehandskonferanse	1 550	3 100	4 630
14. UTOMHUSPLANAR /OPPARBEIDING (pr. plan)			
<5000 m2	3 100		
>5000 m2	6 720		
15. GEBYR FOR TENESTER ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR			
Eit rettsgebyr er pr. 01.01.2006 kr 860,-			
Tinglysingsgebyr: kr 525,-			
a) Saker som krev synfaring, gebyr lik 5 rettsgebyr	5 800		
b) Saker uten synfaring, gebyr lik 3 rettsgebyr	3 480		

c) Grensefastsetting av grunn som inngår i seksjonen			
Der det inngår grunnareal i ein seksjon, og det må haldast kartforretning for å fastlegge kor grensa for seksjonen går, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr betalast kartforretningsgebyr etter regelen i matrikkellova og denne sitt regulativ.			
d) Reseksjonering			
For reseksjonering skal det før kommunen sin sakshandsaming betalast fullt gebyr i samsvar med punkta ovanfor.			
e) Ny handsaming av avslegen søknad			
Der ein fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr kome til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. Kjem ny søknad på seinare tidspunkt skal det betalast fullt gebyr.			
Utsleppsløyve			
Bruksendring			
Blokk vs. andre typar bygg			

G

GEBYR FOR OPPMÅLINGSARBEID

FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

Vedteken av Førde bystyre 17.12.09, med heimel i matrikkellova § 32.

Prisar pr. 01.01.2017

1.1 Oppretting av matrikkeleining	
1.1.1. Oppretting av grunneigedom og festegrund	
Areal frå 0 - 100 m2	16 430
Areal frå 101 - 750 m2	20 830
Areal frå 751 - 2000 m2	24 440
Areal frå 2001m2 - auking pr påbegynt daa	1 500
Punktfeste, gebyr vert fakturert etter pkt 1.8	Medgått tid
Maksimalt gebyr	51 730
1.1.2. Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	
Areal Frå 0 - 500 m2	2 720
Areal Frå 501 - 2000 m2	5 430
Areal Frå 2001 m2 - auking pr påbegynt da	950
Maksimalt gebyr	25 880
1.1.3. Oppmåling av uteareal til eigarseksjon pr. eigarseksjon	
Areal frå 0 - 50 m2	6 150
Areal frå 51 - 250 m2	7 750
Areal frå 251 - 2000 m2	9 700
Areal frå 2001 m2 - auking pr påbegynt da	650
1.1.4. Oppretting av anleggseigedom	
Volum frå 0 - 5000 m3	30 770
Volum frå 5001 m3	35 950
1.1.5. Registrering av jordsameige	
Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige skal fakturerast etter medgått tid.	
1.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	
Viser til pkt 1.1.1., 1.1.2., 1.1.4. og 1.1.5	2 460
I tillegg kjem tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning	
1.2.1. Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering	
Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før ho er fullført, må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert satt til 1/3 av gebyrsatsane etter pkt 1.1 og 1.2.	

1.3 Grensejustering	
1.3.1. Grunneigedom, festegrund og jordsameige	
Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomen sitt areal (maksimalgrensa er satt til 500 m ²). Ein eigedom kan ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa.	
For grensejustering til veg- eller jernbaneføremål kan andre arealklassar gjelde.	
Areal frå 0 - 250 m ²	8 350
Areal frå 251 - 500 m ²	10 540
1.3.2. Anleggseigedom	
For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomen sitt volum, men den maksimale grensa skal setjast til 1000 m ³	
Volum frå 0 - 250 m ³	8 350
Volum frå 251 - 1000 m ³	10 540
1.4 Arealoverføring	
1.4.1. Grunneigedom, festegrund og jordsameige	
Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.	
Før arealoverføring vert matrikkelført skal godkjent takst samt erklæring frå panthavar leverast av rekvirent til kommunen.	
Areal frå 0 - 250 m ²	16 430
Areal frå 251 - 500 m ²	20 830
Arealoverføring pr ny påbegynt 500 m ² fører til ei auke av gebyret på	1 750
Maksimal gebyr	51 730
1.4.2. Anleggseigedom	
For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei annan, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengjande volum.	
Volum frå 0 - 250 m ³	16 430
Volum frå 251 - 500 m ³	20 830
Volumoverføring pr. ny påbegynt 500 m ³ fører til ei auke av gebyret på	1 750
Maksimal gebyr	51 730
1.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning	
For inntil 2 punkt	3 950
For overskytande grensepunkt, gebyr vert fakturert etter 1.8	Medgått tid
1.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettar	
For inntil 2 punkt	7 650
For overskytande grensepunkt,pr punkt	1 550

1.7 Privat grenseavtale	
For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	7 650
For overskytande grensepunkt, pr punkt	1 550
1.8 Gebyr etter medgått tid	
Målearbeid pr time	1 120
1.9 Urimelege gebyr	
Dersom storleiken på gebyret vert klart urimeleg i høve til det arbeid og dei kostnader kommunen har hatt med saka, eller gebyret er urimeleg av andre grunnar, kan kommunen fastsette passende gebyr. Regulativet kan berre fråvikast ved spesielle høve.	
1.10 Betalingstidspunkt	
Kommunen kan krevje at gebyret skal krevjast inn før arbeid etter matrikkellova vert gjennomført.	
1.11 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka	
Gjer rekvirenten under saka sin gang endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, vert likevel gebyret oppretthalde.	
1.12 Utsteding av matrikkelbrev	
Matrikkelbrev inntil 10 sider	180
Matrikkelbrev over 10 sider	360
1.13 Utsett tidsfrist for gjennomføring av oppmålingsforretning	
Tidsfristen som er fastsett i matrikkelforskrifta § 18 første ledd gjeld ikkje i perioden 1. november til 1. mai.	
I dei delar av kommunen kor nødvendige tilkomstvegar er vinterstengt etter 15. mai gjeld ikkje tidsfristen før vegane er opna etter vinterstenging.	
Endring i maksimalsatsane vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga. Justeringa skjer 1. jan. kvart år, med indeks pr. des. året før.	

H

PLANSAKER

GEBYRREGULATIV FOR HANDSAMING AV PLANSAKER I FØRDE KOMMUNE:

Vedteke i bystyret den 15.12.2005 som sak 72/05 med heimel i PBL § 109 (1985)
Prisar gjeldande frå 01.01.2017.

1,1	Dispensasjonssaker	PBL kap 19	kr	6 890
1,2	Råd om regulering	PBL § 12-8	kr	6 890
	– lagt fram for planutvalet			
1,3	Mindre endring	PBL § 12-14, 2. ledd	kr	9 660
1,4	Reguleringsplan	PBL §§12-10,11,12		
	inntil - 5 000 m ²		kr	48 230
	4 001 - 10 000m ²		kr	62 020
	Over 10 000 m ²		kr	75 780
1,5	Endring av reguleringsplan	PBL § 12-14, 1. ledd		
	Endring inntil 5 000m ²		kr	24 120
	Endring mellom 5 001-10 000 m ²		kr	31 010
	Endring over 10 000 m ²		kr	37 900
1,6	Deling av grunneigedom	PBL § 26-1	kr	2 770
1,7	Medgått tid – pr. time		kr	800
1,8	Konsekvensutgreiing	PBL § 4-2		

2.0 AVBROTEN PLANSAK

Gebyret skal avreknast som del av fullt gebyr i forhold til det tidspunktet saka vert avbroten. Rådmannen bestemmer eit passende gebyr.

3.0 AVGJERD OM BETALING

Gebyr skal betalast før saka vert fremja fyrste gongen for planutvalet eller vedtatt administrativt
Betalning skal skje til Førde kommune etter rekning frå kommunen.
Rekninga skal vere i samsvar med satsane som gjeld ved mottak av fullstendig søknad.

4.0 REGULERING AV GEBYR

Dette gebyrregulativ skal regulerast kvart år i samsvar med konsumprisindeksen. Justering skal skje 1. januar kvart år med indeks pr. desember året før. Beløp skal avrundast nedover til næraste kr. 10,-.
Rådmannen syter for kunngjering.

5.0 KLAGE PÅ GEBYR

Klage på rådmannens fastsetjing av gebyr skal handsamast av planutvalet.

6.0 URIMELEGE GEBYR

Dersom gebyret etter dette regulativ vert urimeleg høgt, kan rådmannen bestemme eit passende gebyr.

7.0 DIVERSE

- Gebyret skal dekke det arbeid Førde kommune har med søknaden. Kravet til fagleg utgreidde og framstilte planar skal gjelde fullt ut. Tiltakshavar skal dekke alle utgifter til dette og til kopiering, annonsering og liknande i forkant av søknad.

- Når kommunen er godkjenningssmyndighet ved konsekvensutgreiingar skal gebyret reknast ut i forhold til brukt tid med påslag av eventuelle kostnader med av sakkunnig kompetanse.

I PLAN OG LANDBRUK

Alt planleggingsarbeid – skogsvegar, grøfting, tekniske teikningar m.m..	
Timepris	Kr. 760
Planleggingshonorar for landbruksvegar som kan få tilskot, kan kome med i tilskotsgrunnlaget	
Gjødselplanlegging:	
Jordprøvetaking:	Kr 760 per time + Kr 60 per jordprøve
Gjødselplanlegging:	Kr 760 per time + Kr 60 per skifte
I tillegg kjem kostnader med analysar.	

Jegerprøve

Teorieksamen ved jegerprøva	Kr 300
Viltlova § 39 – Forskrift om utøvelse av jakt og fangst av sept. 2002	

Konsesjonssaker

Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons – og delingssaker

Fastsatt av Statens landbruksforvaltning 14. desember 2011 med hjemmel i lov av 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 27 a, jf. kgl.res. av 23. desember 1988 nr. 1073, jf. delegasjonsvedtak av 8. desember 2003 nr. 1479 § 6.

- § 1** Det skal betales gebyr for behandlingen av følgende saker:
- a) Søknader om konsesjon (ervertstillatelse) etter lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved ervert av fast eiendom (konsesjonsloven) mv. § 2 og § 3.
 - b) Søknader om delingssamtykke etter lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 § 12.

Gebyret kreves inn av kommunen i alle saker. Kommunen skal ikke betale gebyr til seg selv. Når det søkes om konsesjon fordi eieren ikke skal oppfylle lovbestemt boplikt (slektskapskonsesjon), jf. konsesjonsloven § 5 andre og tredje ledd og § 9 fjerde ledd, skal det ikke betales gebyr.

- § 2** For behandling av konsesjonssøknader som nevnt i § 1 a) kan det kreves et gebyr på inntil kr. 5 000,-.

For behandling av søknader om delingssamtykke som nevnt i § 1 b) kan det kreves et gebyr på inntil kr. 2 000,-.

Kommunen kan fastsette en lavere gebyrsats. Det kan fastsettes en generell sats, eller satser for enkle/kurante saker og for vanlige saker. Dersom kommunen ikke har fastsatt lavere sats, betales gebyr som nevnt i første og andre ledd.

§ 3 Det skal betales ett gebyr selv om søknaden gjelder fradeling av flere tomter eller parseller fra samme eiendom. Det samme gjelder ved såkalte stripeerverv til veiformål og lignende fra flere eiendommer.

Det skal betales ett gebyr ved søknad om konsesjon for en eiendom selv om der er flere erververe av samme eiendom.

§ 4 Det organ som avgjør saken i første instans kan, når særlige grunner foreligger, helt eller delvis fritta for gebyr.

Fylkesmannen er klageinstans for kommunens avgjørelser av søknad om å fritta for gebyr.

§ 5 Denne forskriften trer i kraft 1. januar 2012. Samtidig oppheves forskrift av 29. desember 1993 nr. 1354 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. krift

J

FORSKRIFT OM GEBYR FOR HANDSAMING AV SØKNADER OM LØYVE TIL HANDEL MED FYRVERKERI

Klasse II, III og IV og gjennomføring av tilsyn.

«Fastsett av bystyret i Førde, sak 015/08, den 27.03.08, med heimel i "Forskrift om endring av forskrift av 26. juni 2002 nr. 922 om håndtering av eksplosjonsfarlig stoff knyttet til handel med fyrverkeri".»

1. Gebyret omfattar

Handsaming av søknader om løyve til handel med fyrverkeri, tilsyn med utsal.

2. Basisgebyr

- | | | |
|---|----|-------|
| 2.1 Gebyr for handsaming av søknad om løyve til handel med fyrverkeri | kr | 2.850 |
| 2.2 Gebyr for tilsyn, ut over 1. gong | kr | 1.150 |
| 2.3 Timesats for arbeid der det ikkje er faste gebyr | kr | 1.150 |
- Normalt vil det være nok med eit tilsyn med utsalsstaden, under handel.

3. Løyve ut frå eigenmelding

Dersom det over fleire år ikkje er endring i utsalsstaden sin søknad - kan løyvet verta gitt ut frå eigenmelding frå løyveinnehavar. Gebyr for handsaming av eigenmelding vert sett til kr 1.150,-.

4. Ufullstendig søknad

Ved ufullstendig søknad skal søkjar fakturerast for 25 % av normal sats.

5. Avslag

Vedtak som fører til avslag, blir belasta med 50 % av fullt gebyr.

6. Klageadgang

Kommunen si fastsetjing av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven.

7. Meirverdiavgift

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift i tillegg til gebyr for teneste etter gebyrregulativet, med unntak av gebyr etter medgått tid.

8. Indeksregulering

Gebyrsatsane skal indeksregulerast ved kvart årsskifte.
Alle satsar skal avrundast til nærmaste kr 10.

Indeksregulert 31.12.18

K

KOMMUNALT UTSTYR/MASKINER

Alle prisar er inkl. administrasjonskostnad (15 %)

Meirverdiavgift kjem i tillegg med 25 %.

Meirverdiavgift kjem i tillegg med 25 %.

Traktor m/kantslått	inkl. førar	Kr 1.200,-
Veghøvel	inkl. førar	Kr. 1.200,-
Lastebil m/asfaltcontainer	inkl. førar	Kr. 1.200,-
Feiemaskin 4 kubikk	inkl. førar	Kr. 1.200,-
Lekkasjesøkar m/mannskap	Minste pris (4 timar)	Kr. 3.600,-
	Timepris over 4 timar	Kr 900,- pr. time
Timepris mannskap		Kr. 550,-

Indeksregulert 31.12.17

All utleige skal skje i samråd med teknisk drift

L

ALDEN HAMNEOMRÅDE - AVGIFTSREGULATIV

Gjeldande frå 01.01.19 til 31.12.19

Avgiften blir kravde innafor område i samsvar med lov om havner og farvann § 9.

Avgiften er like innafor området der kommunen har planmynde etter plan- og bygningslova.

Avgiften skal godkjennast av bystyra/kommunestyra kvart år.

ANLØPSAVGIFT

Lov om hamner og farvatn § 25

Med dei unntak som er nemnd nedanfor, skal alle farty som anløper hamneområdet betale anløpsavgift etter følgjande satsar, per anløp: **Kr 0,35/BT**

Anløpsavgifta skal betalast per anløp i hamna. Ved gjentekne anløp innafor same kalenderdøgn skal avgifta berre betalast ein gong per kalenderdøgn.

For farty som hyppig anløper hamneområdet sitt forvaltningsområde kan hamneadministrasjonen fastsette års- og månadsavgifter.

Dersom krav om anløpsavgift etter denne forskrifta er åpenbart urimeleg, får hamnestyret i Flora Hamn KF delegert mynde til å bestemme at anløpsavgifta skal bortfalle eller reduserast.

MINSTEAVGIFT er kr 200,-

FRITEKEN FRÅ ANLØPSAVGIFTA ER

1. Farty som betalar spesiell hamnevederlag, sjå nedanfor.
2. Små farty under 15 meter.
3. Bergings- og isbryterfarty i høve berging og isbryting.
4. Orlogsfarty, norske og utenlandske.
5. Kystverkets farty i høve med arbeid i farvannet.
6. Redningsselskapet sine farty
7. Farty som anløper hamn på grunn av skade eller nødtilstand og farty ikkje laster, lossar eller tar om bord passasjerer.
8. Veteranfarty som ikkje driv næringsvirksomhet

RABATT

- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan får 30% rabatt på anløpsavgifta.
- Fiskefarty heimehøyrande i sjøområdet til Alden hamneområde får tilbod om ei fast årsavgift på kr 4 000,-
- Kystruteskip i rute (kystruteavtale med samferdselsdepartementet) får ein ekstra grupperabatt på 65% på anløpsavgifta per anløp. *

*kan ikkje kombinerast med andre rabattar

Miljørabatt: Grøn hamn

- For skip registrert i ESI (Environmental Ship Index) blir satsane senka på bakgrunn av på førehand innsendt ESI-sertifikatet – innanfor sertifikatets gyldigheitsperiode.
ESI Score: 25 – 49 poeng: 10%
ESI Score: 50 – 74 poeng: 20%
ESI Score 75 poeng og høgare settast satsane ned med 40%
- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan og har ein ESI score høgare enn 50 får 40% rabatt.

Samla kan rabatten på anløpsavgifta ikkje overstige 40%.

Hurtigruteskipa får ein ekstra grupperabatt slik at anløpsavgifta blir:

For dei nye hurtigruteskipa: kr 1 500,- pr anløp*

For dei andre hurtigruteskipa: kr 1 200,- pr anløp*

For det minste hurtigruteskipet: kr 500,- pr anløp*

**Kan ikkje kombinerast med andre rabattar.*

SAKSHANDSAMINGSGEBYR 2019

Gjeldande frå 01.01.19 til 31.12.2019

Tiltak som handsamast etter søknad

Enkle saker: Saker med god og tydeleg informasjon med rask avklaring. Krve opptil tre arbeidstimar.

Kr 1.700,- per søknad.

Større saker: Saker som krev ytterlegare handsaming pga kompleksitet, saker som er mangelfulle der informasjon må etterlysast, saker som krev synfaring. Krev over tre arbeidstimar.

Kr 4.100,- pr søknad.